

Retningslinjer for handtering av uønska hendingar i praksis for studentar ved Høgskulen på Vestlandet

Godkjent av prorektor for utdanning, 11.09.2025

1. Føremål.....	3
2. Rettsleg grunnlag	3
3. Avgrensing	3
4. Omgrep	3
5. Melding/varsel frå student	4
6. Organisering og ansvar for oppfølging	4
6.1 Praksisstaden	4
6.2 Fakulteta sitt ansvar	5
6.3 Kommunikasjons- og rapporteringslinjer ved HVL.....	5
7. Generelle krav til sakshandsaming ved HVL.....	5
7.1 Oppstart.....	5
7.2 Kontakt/møte med meldar	5
7.3 Kontakt og møte med praksisplass.....	6
7.4 Meklingsmøte	6
7.5 Dersom meldar ikkje er den fornærma i saken	6
7.6 Andre involverte	7
7.7 Sensitive personopplysingar.....	7
7.8 Alvorlege saker	7
7.9 Krav om avslutning av saka.....	7
7.10 Studenten sitt høve til å få ny praksisperiode og/eller ny praksisplass	7
8. Reaksjonsform i særskilde saker	8
8.1 Grunnlause meldingar	8
8.2 Skikkavurdering	8
9. Innsyn og partsstilling.....	8
9.1 Innsyn.....	8
9.2 Vurdering av partsstilling	8
9.3 Vurdering av klagerett.....	8
10. Aktuelt lovverk	8

1. Føremål

Høgskulen på Vestlandet tolererer ikkje trakassering. Føremålet med retningslinjene er å sikre eit godt læringsmiljø for studentane og løyse konflikhtar som oppstår for studentar i praksis. Alle ved HVL har ei plikt til å handle om ein vert merksam på trakassering, seksuell trakassering og mobbing som gjeld studentar.

2. Rettsleg grunnlag

Etter universitets- og høgskulelova av 2024 (uhl.) har HVL ansvar for at studentane sitt læringsmiljø er forsvarleg, jf. § 10-1 (1). Konflikhtar, trakassering, seksuell trakassering og mobbing kan føre til eit uforsvarleg læringsmiljø, og er såleis innanfor ansvarsområdet til HVL. Likestillings- og diskrimineringslova av 2017 § 13 legg ned forbod mot trakassering . Utdanningsinstitusjonar skal på sitt ansvarsområde førebyggje og hindre trakassering og seksuell trakassering, jf. § 13 sjette ledd. Likestillings- og diskrimineringslova legg dermed eit særskilt ansvar til HVL som utdanningsinstitusjon i saker som gjeld trakassering generelt og seksuell trakassering.

Arbeidsmiljølova gjeld for studentar i praksis, og studentane er underlagt gjeldande lov- og regelverk for personalet ved den aktuelle praksisstaden. Studentar som utplasserast i praksis skal vere forsikra på lik linje med ordinære arbeidstakarar etter yrkesskadeforsikringslova.

Forvaltningslova av 1967 (fvl.) set ei rekke krav til verksemda ved HVL. Høgskulen skal oppfylle krava til forsvarleg sakshandsaming som mellom anna set krav til habilitet, undersøking, teieplikt og rettleiing. Saker som kan ende med enkeltvedtak mot ein eller fleire personar gir partane fleire rettar etter forvaltningslova.

3. Avgrensing

Dei følgjande retningslinjene skal vere retningsgivande for alle studentar ved HVL som gjennomfører praksis som del av si utdanning. Retningslinjene regulerer tilhøvet mellom student, fakultet og praksisplass og ansvaret dei imellom. Det er lagt til grunn at varsel og konflikhtar skal løysast på lågast mogleg nivå, og slik at partane vert godt ivaretekne.

4. Omgrep

I det følgjande vert det gitt forklaring av dei sentrale omgrepa konflikt, trakassering, seksuell trakassering og mobbing.

Konflikt kan ha følgjande definisjon: «Med konflikt mener vi (...) en situasjon der to personer, en person og en gruppe eller to grupper føler seg forhindret eller frustrert av en annen part» (Van der Vliert 1988)

1. Trakassering er ein rettsleg standard. Tolkinga av omgrepet endrar seg etter forventingane og utviklinga i samfunnet. Mobbing er ei form for trakassering, men skilnaden er at handlingane er «gjentakande, systematiske og førekjem over tid.» (Arbeidstilsynet, 2017)
- 2 . Seksuell trakassering er ei særskilt form for trakassering. Likestillings- og diskrimineringslova forklarar trakassering i § 13 andre og tredje ledd; «Med trakassering menes handlinger, unnlatelser eller ytringer som har som formål eller virkning å være krenkende, skremmende, fiendtlige, nedverdiggende eller ydmykende. Med seksuell trakassering menes enhver form for uønsket seksuell oppmerksomhet som har som formål eller virkning å være krenkende, skremmende, fiendtlig, nedverdiggende, ydmykende eller plagsom». For meir inngåande drøftingar av omgrepa, les merknadane i førearbeida til likestillings- og diskrimineringslova § 13.
3. Alvorlege hendingar vert i desse retningslinjene definert som hendingar med fare for liv og helse, og kan følgjast opp uavhengig av aktiv medverknad frå partane.

5. Melding/varsel frå student

For å ta opp problemet på lågast mogeleg nivå melder studenten primært frå til praksisrettileiar eller leiinga på den aktuelle praksisstaden.

Studenten kan melde frå munnleg, per telefon eller skriftleg. Meldinga bør beskrive hendinga-/ane og kven som er involvert.

Om studenten ikkje ynskjer å melde frå direkte til praksisstaden kan studenten ta kontakt med kontaktperson ved HVL eller gje skriftleg melding til HVL via "Sei i frå" systemet.

6. Organisering og ansvar for oppfølging

6.1 Praksisstaden

Meldingar frå studentar skal handterast på lågast mogeleg nivå. Praksisstaden sine retningslinjer for tilsette gjeld og skal følgjast for studentar i praksis. Praksisstaden involverer kontaktperson ved HVL med informasjon om meldinga og den vidare prosessen ved behov.

Dersom studenten ikkje føler seg ivareteken gjennom dette kan meldinga/varselet sendast vidare til HVL av studenten via "Sei i frå" på <https://www.hvl.no/sei-ifra/> .

Når HVL kontaktar praksisstaden med melding om motteke varsel gjennom, pliktar praksisstaden å undersøke varselet oversendt frå HVL, og bidra til ei løysing til det beste for alle partar.

6.2 Fakulteta sitt ansvar

Studieprogramansvarleg/fagseksjonsleiar ved det gitte fakultet er mottakar av meldingar/varsel. Studieadministrativ leiar på fakultetet der studenten/ane høyrer til har administrativt ansvar for vidare sakshandsaming. Arbeidet vert koordinert og forankra med instituttleiar eller studieprogramansvarleg/fagseksjonsleiar, der desse fordeler ansvar og avgjer vidare oppfølging av student og kontakt med praksisplass. Det er eit mål at saker vert handterte raskt og på rett nivå i organisasjonen.

6.3 Kommunikasjons- og rapporteringslinjer ved HVL

Studieadministrativ leiar orienterer dekan på aktuelt fakultet og prorektor for utdanning om saksgang i alvorlege saker. Prorektor for utdanning gir uttale i saker som gjeld konflikt, trakassering, seksuell trakassering og mobbing for studentar ved HVL. Dette gjeld interne og eksterne førespurnader, mellom anna kontakt med media.

7. Generelle krav til sakshandsaming ved HVL

7.1 Oppstart

Når sakshandsamar får inn melding, skal hen straks starte undersøkingar og dialog.

7.2 Kontakt/møte med melder

Sakshandsamar skal ta kontakt med den som har gitt melding innan tre arbeidsdagar etter at melding er motteken. Meldar skal få stadfesting på at meldinga er motteken og at det vil bli avtalt møte innan kort tid. Dersom det er studenten som føler seg fornærma som melder, skal vedkommande få informasjon om rådgivingstenesta, studenthelsetenesta og studentombodet, og at ein kan ha med seg ein støtteperson på eventuelle møte.

Det skal gjennomførast møte med melder så raskt som mogleg, helst innan ei veke. I tilfelle det er fleire som har sendt melding, skal det haldast separate møte for å få fram den enkelte person si oppleving og beskriving av hendinga/-ane. Møte skal sikre god saksopplysing ved å klarleggje kva som har skjedd, og korleis ein kan sikre eit godt læringsmiljø for den/dei involverte studentane. Det skal førast referat frå alle møte knytt til saka.

Alvorlege hendingar, ref. Kap 4, skal undersøkast, uavhengig av medverknaden frå meldaren, den som er fornærma, eller den tilsette på praksisstaden som har fått meldinga mot seg. Dersom den som er fornærma ikkje deltek på individuelle møte, kan saka setjast på vent eller avsluttast om det ikkje er grunn til å følgje opp saka vidare. Dersom manglande deltaking kan skuldast fysiske eller psykiske vanskar, må sakshandsamar oppmode studenten til å ta kontakt med studenthelsetenesta eller den ordinære helsetenesta.

7.3 Kontakt og møte med praksisplass

Alle praksisplassar som tek imot studentar frå HVL skal gjerast kjende med gjeldande retningslinjer. Når studenten ynskjer HVL skal behandle melding som er dekkja av desse retningslinjene, skal fakultetet snarast ta kontakt med leiinga ved praksisplassen for å gjere desse kjende med det innkomne meldinga/varselet.

Det skal gjennomførast møte med praksisstaden med melding mot seg, så raskt som mogleg etter at det er gjennomført møte med meldaren og/eller fornærma. Når det er fleire som har fått melding mot seg, er det separate saker med separat sakshandsaming. Den som har fått melding mot seg skal gjerast kjend med alle skuldingar, og skildringar av hendingar som saka gjeld. Slik sikrar ein forsvarleg opplysing av saka, og kontradiksjon for den som har fått melding mot seg. Fornærma, og eventuell meldar, skal gjerast kjend med referat, tilsvar og nye saksopplysingar når det vert gjennomført nye møte.

7.4 Meklingsmøte

Når det er hensiktsmessig, kan fakultetet samle dei som er i konflikt til eit felles meklingsmøte. I meklingsmøtet skal ein gjere forsøk på å skape balanse mellom partane. Det bør leggjast stor vekt på open kommunikasjon slik at partane får kjennskap og forståing for kvarandre sin situasjon og synspunkt. Målet med meklingsmøtet er å få til eit betre samspel, og å oppnå respekt mellom partane.

7.5 Dersom meldar ikkje er den fornærma i saken

I tilfelle meldar ikkje sjølv er den fornærma i saka, skal det gjennomførast møte med fornærma så raskt som mogleg etter møtet med meldar. Møte med meldar og fornærma skal skje før ein har møte med den som har fått meldinga mot seg.

7.6 Andre involverte

Dersom det er eit sterkt behov for å ha møte med andre involverte personar, som kan gi viktige opplysingar ved undersøking av meldinga, skal dette gjerast. Om det er vitne til hendinga/-ane bør desse kallast inn til møte. Møta skal haldast etter dei gitte retningslinjene.

7.7 Sensitive personopplysingar

Sak om mobbing og trakassering inneheld sensitiv informasjon som kan vera skadeleg for den enkelte om opplysingar kjem ut. Namna til studenten/ane og dokument med sensitivt innhald skal skjermast i arkivet. Av omsyn til dei involverte skal namn og opplysningar i saka ikkje vere kjende for fleire enn det som er naudsynt for sakshandsaminga.

Ved starten av alle møte har HVL plikt til å opplyse dei som deltek om teieplikta, jf. fvl. § 13b siste ledd.

7.8 Alvorlege saker

Når sakshandsamar mistenker at det er har skjedd lovbrøt skal sakshandsamar oppmode studenten/-ane til å ta kontakt med politiet.

7.9 Krav om avslutning av saka

Ei melding som vert sakshandsama skal arkiverast og avsluttast i arkivsystemet. Avslutninga skjer ved å gi fornærma skriftleg melding om fakultetet si vurdering av saka. HVL sender meldinga til praksisstaden. Vurderinga skal gjere greie for kva saka handla om, kva undersøkingar HVL har gjort, forventingar HVL har til praksisstaden og at undersøkingane av meldinga er avslutta.

7.10 Studenten sitt høve til å få ny praksisperiode og/eller ny praksisplass

Studieprogramansvarleg vurderer så snart som råd om hendinga kan føre til krav om ny praksisplass og/eller ny praksisperiode.

8. Reaksjonsform i særskilde saker

8.1 Grunnlause meldingar

Dersom nokon misbruker meldingssystemet bør sakshandsamar gi tydeleg åtvaring til den det gjeld. Misbruk av meldingssystemet kan i alvorlege tilfelle føre til disiplinærsak mot studenten som har misbrukt meldingssystemet, jf. uhl. §12-5

8.2 Skikkavurdering

Når dei faktiske tilhøva i ei sak gjer at HVL eller praksisstaden har tvil om ein student er skikka til yrket hen utdannar seg til, har fakultetet plikt til å sende tvilsmelding til institusjonsansvarleg for skikkavurdering.

9. Innsyn og partsstilling

9.1 Innsyn

Møtereferata er underlagde partsinnsyn ved oppstart av undersøkingar av saka. Innsyn etter reglane i offentleglova gjeld uavhengig av partsstatus.

9.2 Vurdering av partsstilling

Formell partsstilling etter forvaltningslova § 2 bokstav e. gir ei rekke lovbestemte rettar til vedkomande part. Om fornærma, eller andre er å rekne som formell part i ei disiplinærsak er ikkje klart i alle saker. Partsstilling for den med melding mot seg, må vurderast konkret etter det alternative vilkåret for partsstilling i forvaltningslova § 2 bokstav e. "saken ellers direkte gjelder". Om fornærma er part i saka, skal vurderast når det vert gjort undersøkingar i ei konkret disiplinærsak etter uhl §12.

9.3 Vurdering av klagerett

Klagerett på vedtak etter uhl. §12 skal vurderast konkret dersom nokon hevdar at dei har ein slik rett, jf. forvaltningslova § 28 første ledd "rettsleg klageinteresse".

10. Referansar

1. Lov om universitetet og høgskolar (universitets- og høgskulelova)
2. Lov om likestilling og forbod mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringslova)
3. Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova).

4. Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova)
5. <https://www.hvl.no/sei-ifra/>